



## Spørjeundersøking – elektronisk skuleval

**1:** Kor lenge har skulen gjennomført elektronisk skuleval?

Tal år:	6
---------	---

**2:** Kvifor har skulen vald ei elektronisk form på skulevalet?

Me har meint at det var mykje lettare enn å ha eit papirval. Skulen hadde og har kompetanse innan IKT, så det var interessant å prøva den elektroniske varianten. Og så sparar ein mykje tid og papir.

**3:** Har skulen opplevd tekniske vanskar ved gjennomføring av elektronisk skuleval? Viss ja, kva slags vanskar?

Ja:	<input type="checkbox"/>
Nei:	<input checked="" type="checkbox"/>

**Gi ei skildring dersom ja:**

--

**4)** Har skulen behov for teknisk opplæring av ansvarleg lærar ved politisk skuleval?

Ja:	<input type="checkbox"/>
Nei:	<input checked="" type="checkbox"/>

**5) Er de samde i denne påstanden om elevaktivitet ved skulevalet?**

Urneval opnar for meir elevaktivitet enn ved eit elektronisk val.

Ved papirval ser ein for seg at elevane skal vere valfunksjonærar under gjennomføringa. Dei skal vere med på å setje opp vallokalet, dei skal lage manntal over elevane, syte for at stemmegivarane går aleine inn i valavlukket, at avlukka innehold rette og nok setlar. Dei skal stempel setlane og krysse ut stemmegivarane frå manntalet. Etterpå skal dei vere med på å telje opp resultatet.

Ja:	<input type="checkbox"/>
Nei:	<input checked="" type="checkbox"/>

**Dersom nei, kvifor?**

Sjølv sagt kan ein vera einig i at ein mister nokon av lærdomen i det å arrangere eit papirval. Men under førebuinga til valet går samfunnsfaglærarane gjennom dei ulike prosessane i eit val. Så reint teoretisk kan dei det. Ny lærdom vert korleis ein gjer dette elektronisk.

**6: Er de samde i denne påstanden om valdeltaking blant ungdom?**

Elevar som stemmer elektronisk i dei politiske skulevala, har lågare valdeltaking ved nasjonale val sidan dei ikkje har lært å røyste i eit urneval under skulevala.

Ja:	<input type="checkbox"/>
Nei:	<input checked="" type="checkbox"/>

**Kvifor?**

Med rett organisering vert deltakinga god.  
Skulen vår hadde mellom 90 og 100% deltaking.